

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 24.09.2008 **Tid:** 13.30 – 16.15

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Sigmund Dyrhovden

**I staden møtte:**  
Sven Tore Kulleseid

Utvalet var på synfaring knytt til sakene 52 og 55.

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ordførar var med under skriv og meldingar.  
Plan- og miljøkonsulenten og adm.sjefen.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 25. september 2008

### **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend. Det var merknad til at ikkje alle var informert på førehand om at det var synfaring. Ordføraren peika særleg på at det var viktig å varsle partane på førehand.

Utvalet vil drøfta rutinane i samband med synfaring i neste møte.

### **GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes vedteken.

### **UTVALET SITT KVARTER:**

**Gunnar Bruvik** etterspurte om det var gjort noko i høve til utbetring av tunnell på Rv 48 på Gjerde.

Administrasjonssjefen orienterte om at det har vore gjort nokre sonderingar utan at me har kome fram til noko resultat. Det viser seg no at det er kontoret i Odda som handterer tiltak på Rv 48. Det vert teke kontakt med kontaktpersonen med det første.

**Olaug Øystese** viste til at naturutvalet har møtt til ulike tidspunkt. Ho ønskte at utvalet starta møta sine kl 15.00 slik som opphavelag tenkt. Utvalet var samd i dette. Det bør evt. vurderast om utvalet har så mange saker at utvalet må møtast oftare. Dette må i så fall med på møteplanen.

### **MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

**Vern av Eikedalselva/Frølandselva** – notat frå administrasjonssjefen var sendt ut på førehand.

Utvalet ønskjer at kommunen får presentert konkrete planar som viser kva inngrep m.m. som kjem som følgje av planane for småkraftutbygginga. Dette må omfatta alle planane innan verneområdet. Kommunen vil då kunne ta stilling til om ein vil prioritera å arbeida for å få etablert småkraftverk i verneområdet.

Leira og nestleiar i naturutvalet møtte saman med ordførar representanter for **småbåtforeininga på Steinsland** for å få høyra litt til kva planar dei har for området. Møtet kom etter initiativ frå foreininga. I etterkant av dette møtet kom det eit skriv frå småbåtforeininga på Steinsland dagsett 22.09.08. Dette vart delt ut i møtet. Utvalet tok skrivet og orienteringa til orientering. Administrasjonen må vurdere korleis ein skal handtera saka vidare og også gje tilbakemelding til foreininga.

**Landskap i plan.** Samnanger er med i eit prosjekt hjå fylkesmannen/fylkeskommunen som ser på kva måtar ein forvaltar/tek i bruk landskapet m.m. 10.10 skal det vera ei samling i Samnanger der det m.a. skal setjast fokus på korleis kommunane har brukt landskapsanalysene i planlegginga. Medlemmane i utvalet vart innbedne til å delta på samlinga. Fleire var interesserte. Programmet vert sendt ut til alle når det ligg føre.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0052/08	08/00383 <b>BYGGESAK - TILBYGG PÅ HUS GNR 24 BNR 253</b>
0053/08	08/00380 <b>KLOAKKUTSLEPP GNR 3, BNR 103.</b>
0054/08	08/00384 <b>BYGGJESAK ANEKS GNR 11, BNR 17.</b>
0055/08	08/00304 <b>BYGGING AV PRIVATE STIKKVEGAR I BØRDAL.</b>
0056/08	08/00418 <b>ENDRING AV REGULERINGSPLAN EIKEDALEN HYTTETUN GNR 34/243</b>
0057/08	08/00267 <b>SØKNAD OM BRUKSENDRING GNR 3, BNR 80.</b>

0052/08

**BYGGESAK - TILBYGG PÅ HUS  
GNR 24 BNR 253**

**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i Plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om utnyttelsesgrad av tomten i samsvar med søknad.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til bustadhus på Gnr.24 Bnr. 253 på Lønnebakken i samsvar med søknad av 12.08.08. .

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Bjørn Sævild ba om å få vurdert om han var ugild. Han vil vera prosjektleiar dersom tiltaket vert gjennomført.

Sture Tveit ba om å få vurdert om han var ugild. Han er onkel til søkjar.

Begge gjekk frå under vurderinga av ugildskapen.

Etter drøfting var utvalet samd om at begge var ugilde.

Det var ikkje kalla inn varamedlem.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Med heimel i Plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om utnyttelsesgrad av tomten i samsvar med søknad.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til bustadhus på Gnr.24 Bnr. 253 på Lønnebakken i samsvar med søknad av 12.08.08. .

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

0053/08

**KLOAKKUTSLEPP GNR 3, BNR 103.**

**Framlegg til vedtak::**

I høve til ”Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg”, §4, vert det gjeve utsleppsløyve i høve til søknad av 05.08 08 samt oppklarande telefonsamtale av 29.08.08. Avløpet skal førast via 3kamer 4m3 slamavskillar til dju sjø.

**Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

I høve til "Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg", §4, vert det gjeve utsleppsløyve i høve til søknad av 05.08.08 samt oppklarande telefonsamtale av 29.08.08. Avløpet skal først via 3kamer 4m3 slamavskillar til dju sjø.

0054/08

**BYGGJESAK ANEKS GNR 11, BNR 17.****Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon til å byggja aneks i LNF område på gnr. 11 bnr. 17 i Trengereidfjorden i samsvar med søknad av 15.08.08

Med heimel i plan og bygningslova vert det gjeve byggjeløyve for aneks på gnr. 11 bnr. 17 i Trengereidfjorden i samsvar med søknad av 13.08.08.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

**Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon til å byggja aneks i LNF område på gnr. 11 bnr. 17 i Trengereidfjorden i samsvar med søknad av 15.08.08

Med heimel i plan og bygningslova vert det gjeve byggjeløyve for aneks på gnr. 11 bnr. 17 i Trengereidfjorden i samsvar med søknad av 13.08.08.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

0055/08

## **BYGGING AV PRIVATE STIKKVEGAR I BØRDAL.**

### **Framlegg til vedtak::**

### Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for to stikkvegar fram til hytter på gnr.35/17,29 og 35/46 og på gnr. 35/33 og 35/39.

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplan for vegbygging fram til hytte på gnr.35/17,29 og 35/46 samt 35/33 og 35/39.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

### **Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

### Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for to stikkvegar fram til hytter på gnr.35/17,29 og 35/46 og på gnr. 35/33 og 35/39.

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplan for vegbygging fram til hytte på gnr.35/17,29 og 35/46 samt 35/33 og 35/39.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0056/08

## **ENDRING AV REGULERINGSPLAN EIKEDALEN HYTTETUN GNR 34/243**

### **Framlegg til vedtak::**

### Reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 243 i Eikedalen av tomt nr. 34 og 37 til parsell A, B og C jmf. vedlagt kart kan godkjennast etter § 28-1 i plan og bygningslova.

### **Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

### Reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 243 i Eikedalen av tomt nr. 34 og 37 til parsell A, B og C jmf. vedlagt kart kan godkjennast etter § 28-1 i plan og bygningslova.

0057/08

**SØKNAD OM BRUKSENDRING GNR 3, BNR 80.**

**Framlegg til vedtak:**

###

Det vert ikkje gitt løyve til bruksendring frå kontorbygg til bustadføremål på gnr. 3 bnr. 80 i industriområdet på Rolvsvåg.

Grunngjevinga for avslaget er at ein ikkje ønskjer bustad inne i eit industriområde med dei interessekonfliktar det kan skapa.

**Handsaming i møte:**

**Vedtak:**

###

Det vert ikkje gitt løyve til bruksendring frå kontorbygg til bustadføremål på gnr. 3 bnr. 80 i industriområdet på Rolvsvåg.

Grunngjevinga for avslaget er at ein ikkje ønskjer bustad inne i eit industriområde med dei interessekonfliktar det kan skapa.